

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 8. juni 2022

**Stad:** Rom 217, HF-bygget

### Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen, Ingunn Lunde, Shouhui Zhao, Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe B: Craig Grocott

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug stilte som referent.

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader. Lunde melde ei sak til eventuelt.

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 25. mai

Referatet frå møtet 25. mai vart sendt ut 1. juni 2022. Det kom ingen merknader.

### Sak 3 – Bemanningsplan – høyringsinnspel (to vedlegg)

Instituttleiar la fram og kommenterte lysark-presentasjonen frå fakultetet (sjå vedlegg til innkallinga), og rådsmøtet drøfta ulike spørsmål knytt til prinsippa for den vitskaplege bemanningsplanen ved fakultetet.

Det vart kommentert at det som er kalla ressursbehov i lysark-presentasjonen, i stor grad er eit mål for produksjon. Eriksen spurde om det finst ei uttala målsetjing for kor mange studentar kvar tilsett skal ta seg av. Det vart òg reist spørsmål ved om grunneininga i bemanningsplanen bør vera fag (som no) eller disiplinær (som språk, litteratur, kultur/historie, fagdidaktikk).

Hovden meinte framlegga frå fakultetet til endringar i bemanningsplan-kriteria i hovudsak går i rett retning, samstundes som han minna om at instituttet òg må sjå på korleis endringane slår ut ved IF. Fagleg leiing og strategi kan ein ikkje rekna seg vekk frå, streka Hovden under.

Lunde støtta tanken om å utvida utrekningsgrunnlaget for bemanningsplanen frå tre år (som no) til fem og gjerne ti år. Formidling og samfunnsberedskap bør òg med i vurderingane i planen, meinte Lunde.

Instituttleiar viste til at samtalen hadde reist fleire spørsmål, t.d.: Ønskjer vi ikkje at kvalitet skal vera eit kriterium i bemanningsplanen, eller ønskjer vi berre andre kvalitetskriterium enn dei som er skisserte? Ønskjer vi t.d. heller å telja publikasjonar enn å leggja vekt på nivåplasseringa til publikasjonane? Grocott meinte ein burde leggja vekt på kva for publiseringsskanalar som er dei mest *synlege*. Soriano minna om at Universitets- og høgskulerådet strekar under at nivåplassering av kvalifikasjonar (nivå 1 og 2) ikkje skal brukast til å måla kvalitet. Johannessen meinte ein ikkje burde leggja vekt på om publikasjonane er på nivå 1 eller 2, det er fagfellevurderinga som er viktig og som skal sikra kvalitet. Lunde gjorde framlegg om å bruka omgrep som «internasjonal publisering», «aktiv/ambisiøs forskning og publisering», «framifrå forskning» og liknande i omtalen av kriteria.

Hestnes og Berg Henjum meinte spørsmålet om kor mange år framover ein bemanningsplan skulle gjelda, ikkje var så viktig når det uansett var rom for årlege revisjonar.

Uthaug meinte er viktig at instituttet uttrykkjer støtte til tanken om at det er ulikt undervisningsbehov på ulike fag. Det er positivt om dei nye kriteria slår fast at fjerne framandspråk treng meir undervisning enn fag flest.

Soriano spurde om fakultetet har teke opp diskusjonen om bruk av lektorstillingar i undervisninga.

Instituttleiar oppsummerte samtalen og peikte på at instituttrådet ønskjer å ha kvalitet som kriterium i bemanningsplanen, men har kritiske innvendingar mot utforminga av kvalitetskriteria (jf. diskusjonen om nivå 2). Rådet støttar òg at fakultetet har eit langtidsperspektiv i utrekningsgrunnlaget for statistikken, gjerne ti år.

#### **Sak 4 – Strategi**

Den noverande instituttstrategien ved IF varer ut 2022, og instituttleiar la fram til drøfting ein del spørsmål knytt til strategiarbeidet framover.

Kor lenge skal neste plan vara (strategiperiode)? Fleire talte for åtte år, andre nemnde fire år eller eventuelt ein strategiperiode på mellom åtte og fire år. Spørsmålet vart ikkje konkludert i denne omgang.

Instituttleiar meinte årleg oppfølging av strategiplanane var naturleg og viktig.

Skal instituttet venta på nye strategidokument frå HF og UiB sentralt, eller skal vi ikkje laga vår plan først? Instituttrådet hadde ikkje noka klar mening om dette.

Det kom ulike innspel frå møtet om strategispørsmål. Lunde meinte mange ting er blitt gjort på undervisningssida. På forskningssida derimot er mange av måla i den noverande strategien temmeleg abstrakte, og her er det mykje vi kunne konkretisert og gjort betre. Lunde meinte òg kunnskapsberedskap og formidling bør omtalast meir i strategien. Grocott spurde om instituttet ikkje kan påverka tilstrøyminga av studentar til ein viss grad. Kan vi ikkje t.d. satsa meir på nettsider, sosiale media og skuleverket?

Instituttleiar streka under at vi som institutt får gode tilbakemeldingar på studiekvalitet og på det systematiske studiekvalitetsarbeidet. På den andre sida er ikkje IF kjent for å vera god til å få tilslag på eksterne forskingsmidlar.

#### **Sak 5 – budsjett 2023**

Fakultetet har sendt ut brev til institutta om å koma med innspel til 2023-budsjettet, og instituttleiar bad om synspunkt frå instituttrådet.

Hovden viste til at det er veldig mange motstridande punkt i dei spørsmåla vi har fått frå fakultetet i brevet om budsjettinnspel. Lunde viste til at timerekneskapen fungerer dårleg som planleggingsverktøy ved instituttet. Dessutan samsvarar ikkje inntrykket frå dei emnebaserte ressursark med dei individuelle timerekneskapane. Johannessen meinte det var vanskeleg å jobba ut frå timerekneskapane. Ho reiste spørsmålet ved om vi ikkje kan styra undervisninga vår gjennom å fordela ansvaret for kurs mellom dei tilsette på faga i staden for å føra detaljerte timerekneskapar. Soriano støtta dette siste synspunktet.

Instituttleiar streka under at vi er nøydde til å redusera ressursbruken på undervisningssida. Korleis kan vi som institutt nå måla som fakultetet skisserer i budsjettbrevet, men helst med færre ressursar? Vi må vera med på å forma vegen vidare her viss vi ikkje skal bli styrt utanfrå.

Soriano meinte instituttet kunne gjera endringar i vurderingsformer, men det går lang tid før slike endringar trer i kraft. Vi må prøva å unngå at vi blir påført kutt utanfrå for dette er reduksjonar som vi ikkje har kontroll over, streka Soriano under og viste til tidlegare kutt som nedlegging av arabisk master og avvikling av forsøket med portugisisk.

Johannessen viste til nylege drøftingar i UUI og Forskingsutvalet ved instituttet. Desse drøftingane har relevans for budsjett-tilbakemeldingane frå IF.

Berg Henjum meinte kvalitetsomgrepet vart sett til sides av ressursstyrte kutt. Faga har allereie kutta i undervisninga over fleire år.

Johannessen viste til at vi er låst i eit rammeverk som ikkje fungerer godt. Ho etterlyste større autonomi i kursundervisninga. Vi er underlagt eit regime av evaluering og rapportering.

Lunde viste til at IF og HF har mykje å henta på betre student-gjennomføringa på faga våre; vi ligg dårleg an her. Det som betyr noko for gjennomstrøyminga, er at studentane trivst og har eit miljø rundt seg. Dette bør vi prøva å jobba med i fellesskap.

Eriksen meinte hovudproblemet for fagutvala er at dei ikkje har ein mal for kva dei skal driva med. Og på bachelornivået på faga kjenner studentane berre studentane som dei studerer saman med. Her er det viktig å få til eit større, integrert fagmiljø. Grocott spurde om ein t.d. kunne ha nokre seminar som tok inn både master- og bachelorstudentar.

Instituttleiar minna om at vi både må kutta i ressursbruken og henta inn meir ressursar. Det ligg m.a. eit potensial i å samarbeida om å ha kurs på tvers av faga. Instituttleiinga ønskjer gjerne innspel om budsjettet òg i etterkant av instituttrådsmøtet, men før 1. juli, som er fristen for å senda inn budsjettbrev frå institutta.

## **Sak 6 - Møteplan for hausten 2022**

*Møteplan for instituttrådet hausten 2022 (samrøystes vedteke): 7. september, 2. november og 14. desember.*

## **Sak 7 - ymse**

Lunde meinte IF kunne bli betre synleg på sosiale media, t.d. Facebook. Ho etterlyste ein rutine for innmelding av saker til Facebook-sida. Hovden viste til at stipendiatar med pliktarbeid kan brukast til formidlingsoppgåver. Instituttleiar meinte det var viktig å vera synleg på sosiale media, samstundes som vi må vurdere kva for sosiale media vi skal prioritera. Instituttet vil sjå på rutinane her.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef